

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.11.2012
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Samarbeidsavtale om leveransar av helse- og sosialtenester mellom regjeringa og ideelle organisasjonar**

Arkivsak
2012/641/
Styresak 134/12 O

Styremøte 05.12. 2012

Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Regjeringa v/fornyings-, administrasjons- og kyrkjeministeren har den 3. oktober 2012 inngått ein samarbeidsavtale med ideell sektor om leveransar av helse- og sosialtenester. Føretaksmøtet har lagt til grunn at Helse Vest RHF skal gjere seg kjent med avtalen.

Fakta

I protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 31. januar 2012, pkt 5.6 Kjøp av helsetenester frå ideelle institusjonar, blei det orientert om at Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet hadde starta opp eit arbeid med sikte på å inngå samarbeidsavtale med ideelle organisasjonar om prinsipp og retningslinjer for eit godt samarbeid mellom staten og ideell sektor på overordna nivå. Av protokollen følgjer det vidare at Helse Vest RHF skal gjere seg kjent med samarbeidsavtala når den ligg føre og leggje denne til grunn i arbeidet med ideelle aktørar.

Den varsla samarbeidsavtalen blei undertekna av regjeringa v/fornyings-, administrasjons- og kyrkjeministeren den 3. oktober 2012. Kopi av avtalen følgjer saka som vedlegg.

Kommentarar

Samarbeidsavtalen fastsett prinsippa for overordna strategisk samarbeid mellom staten og ideell sektor knytt til ideell sektor sine leveransar av tenester på helse- og sosialområdet.

Avtalen anerkjenner at ideell sektor er ein viktig samarbeidspartnar for offentleg sektor i produksjonen av helse- og sosialtenester til befolkninga, og den skal bidra til eit betre samarbeid mellom staten og ideell sektor.

Avtalen er inngått mellom regjeringa representert ved fornyings-, administrasjons- og kyrkjeministeren og Hovedorganisasjonen Virke, Frivillighet Norge, Ideelt Nettverk og KS bedrift, som representerer ideelle aktørar som leverar helse- og sosialtenester til statlege verksemder.

Vedlegg:

Samarbeidsavtale om leveransar av helse- og sosialtenester